DET NORSKE TEATRET

b15g 01 f 205

GARBORG OG „LÆRAREN"

«Det var nok ein drøymar og mystikar i han. Men fyrst og fremst var han ein t a n k e n s mann, med ein trong i seg til å koma til eit praktisk resultat i baskinga med dei ulike problem, anten dei no var sosiale, nasjonale eller religiøse.» (Rolv Thesen: «Ein diktar og hans strid. Arne Garborgs liv og skrifter», s. 254.)

Rundreisebillett?

Garborg har gjort livet med rundreisebillett, sa Bjørnson i 1896, same året som «Læraren» kom ut. Det ligg ei fin blanding av ironi og karakteristikk i dette. Garborg har vorte ståande som den kvilelause sanningssøkjaren, gruvlaren og stridsmannen. Med sin skarpe intelligens og åndelege energi slo han seg ikkje til ro i passiv påverknad, men vart ein formidlar av og representant for dei moderne straumdraga i dikting og åndsliv i slutten av 1800-talet. Gjennom Garborgs eiga utvikling kan vi følgje dei ulike retningane og periodane i litteraturhistoria. Titlane på dei tre banda i Rolv Thesens store verk om Garborg markerer viktige punkt i diktarens vokster: «Frå jærbu til europear», «Europearen», «Jærbu og europear».

Det v a r litt av ei åndeleg rundreise den 45 år gamle diktaren hadde bak seg da han gav ut «Læraren», det skodespelet som har vorte ståande som det klassiske verket i nynorsk dramatikk. Gjennom ei rad kulturanalytiske og sterkt polemiske artiklar kan vi følgje utviklinga hans fram til dei radikale idéane som han stridde for omkring 1880. Og i dei nokså dystre naturalistiske romanane hans frå 1880-åra — «Bondestudentar», «Mannfolk» og «Hjaa ho Mor» — merkar vi tydeleg idédebattanten som bruker også skjønnlitteraturen i kampen mot økonomisk urettferd, sosiale mishøve og åndeleg trælking og tyning av menneskelege verdiar. Denne utviklinga vart på fleire måtar ein frigjeringsstrid for Garborg, men førte òg til vonbrot og nye kriser i slutten av 1880-åra. Ikkje for ingenting samlar han i 1891 fleire representantar for den radikale 80-årsungdomen under romantittelen «Trætte Mænd».

Heimover.

Gjennom heile Garborgs utvikling kan ein augne to ulike drag og delvis motstridande holdningar. På den eine sida det i n t e l l e k t u e l l e – ein uroleg leitar og logikar som måtte gjennomprøve alt. Mot dette står eit sterkt e m o s j o n e l t drag, som særleg kjem fram i hans innstilling til det religiøse og i hans oppleving av naturen. Desse to livsholdningane står i kontrast til kvarandre gjennom mykje av diktinga hans. Vi kan seie at det første førte jærbuen Garborg fram til den kjempande naturalisten i 1880-åra. Det andre drog han heimover att – på fleire måtar.

Det er tydeleg at etter kvart kjende Garborg seg mindre heime i den naturalistiske 80-talsdiktinga. Viktige sider ved diktaren fekk ikkje utfalde seg der. I slutten av 1880-åra byrjar han å bryte opp frå bylivet og det dette representerer. Han kjøpte seg eit lite hus langt til fjells i Nord-Østerdalen – Kolbotn. Da han vart fjerna frå stillinga si i statsrevisjonen, slo han seg ned der oppe eit par år. Herifrå skreiv han «Kolbotnbrev», som vart utgitt i bokform i 1890. Intense naturopplevingar er eit gjennomgåande drag i desse kåseria. Såleis, og på fleire andre måtar, peikar dei framover mot diktinga hans frå Jæren utover i 1890-åra: romanen «Fred», diktsyklusen «Haugtussa», skodespelet «Læraren» og det lyriske prosadiktet «Den burtkomne Faderen». Som hovudpersonen i «Den burtkomne Faderen» kjende Garborg seg no ei tid «heimkomin, men ikkje heime». Gjennom diktinga prøver han å leite seg veg heilt heim.

«Læraren» og diktinga om Hòve-slekta.

I fleire av desse bøkene spelar naturopplevinga ei viktig rolle. Men enda viktigare er skildringane av religiøse førestellingar og kampar hos menneska. «Fred» (1892), «Læraren» (1896) og «Den burtkomne Faderen» (1899) er ein triologi om korleis to generasjonar av Hòve-slekta leitar etter løysing på fundamentale religiøse spørsmål. I «Fred» fører trua på og angesten for ein despotisk Gud til vanvit og undergang for Enok Hòve. I dei to neste bøkene finn sonen Paulus (seinare også Gunnar) fram til ei ny form for kristendom. Skodespelet «Læraren» handlar om denne «omvendinga» til Paulus, og om konsekvensen av den. Men også andre motiv kjem sterkt inn.

Religiøst, sosialt eller erotisk drama?

Eit r e l i g i ø s t drama er «Læraren» på den måten at det er ei ny religiøs innstilling hos pietistføraren Paulus Hòve som set handlinga i gang. Når han samlar den kristne venneflokken og seier at han vil ikkje lenger tala til dei som før om anger, syndeskuld og menneskeleg vesaldom – ein kan ikkje angre seg inn i himmelriket – da blir dette revolusjonær tale for brørne og systrene. I glad tiltru til Guds kraft skal ein leva etter Jesu ord i Det nye testamentet, seier Paulus, og slik få ein ny hug, lyfta og reinska frå alle «huldrehåttar».

Svein Erik Brodal og Odd Furøy.

«Ja, for d e t t e er kristindom —; ikkje ord og talemåtar, ikkje bot og bønir, ikkje syting og sukking; heller ikkje er kristindom mjuke og søte kjenslur, eller eit utanpå-heilagt liv, eller å gå i kloster og stengje seg ute frå verdi . . . eller å gå og gjæte sine syndir, nei! Kristendom er: å rive seg laus ifrå verdi og fylgje Jesus! det er: halde lovi som han gjorde, vera fullkomin liksom han var fullkomin!»

På denne måten stiller Paulus seg utanfor tilvande kristelege former og førestellingar. Folk vik tilbake når nokon tek kristendomen på alvor. Dermed er det religiøse dramaet i gang.

Denne nye kristendomsforma får konsekvensar også på det sosiale plan. Her òg tek Paulus Kristi ord på fullt alvor: han sel garden og gir alt sitt gods til dei fattige. Han slår seg ned som vanleg arbeidsmann på ein husmannsplass. På ulike måtar vil han hjelpe dei som treng hjelp, både i det praktiske og i det åndelege. Det er mykje av Tolstojs etiske kristendomssyn som kjem fram her. — Men på denne måten blir Paulus Høve ein opprørar mot samfunnsordenen. Skodespelet handlar m.a. om korleis samfunnet prøver å hindre og uskadeleggjera ein slik revolusjonær religiøs og sosial idealist.



Ragnar Olason, Jens Bolling og Svein Erik Brodal.

Men «Læraren» har enda eit viktig problemkompleks: d e t e r o t i s k e. Dette skjer inn i dei andre motivfelta i stykket, og det psykologisk-erotiske skaper dei djupaste og sterkaste spenningane i stykket. Utan at Paulus lenge er klår over det sjølv, står han tvikande mellom kona si Helga og den unge Evelinde. På det ytre plan blir det dette som fører Helga ut i den tragiske døden. I ein indre samanheng grip det erotiske motivet forstyrrande inn i dei religiøse og sosiale idéane til Paulus. Til slutt ser han det også sjølv slik at ureine motiv har blanda seg inn. Han kjenner seg ikkje utan skuld overfor det som skjedde med Helga. Han må sone og ofre også her, og viljug ta si straff.

Alt dette er grunnlaget for den nye, glade og frigjorde Paulus som vi møter i samtalane med broren Gunnar i «Den burtkomne Faderen», i den herlege dagboka i bibelsk-poetisk prosa, «kvintessensen av alle biblers bibel» som Amalie Skram kalla det.

Her er endestasjonen på Garborgs lange ferd. Rundreisa er slutt, sonen heimkomen.

L e i f M æ h l e

„Han var handlingens, han var drama."

I Læraren ville Garborg syne at ein sann kristen «ville i det kristelige samfunn bli enda verre uglesett enn en fritenker.» — Fyrst hadde han tenkt å skrive ein roman som serleg skulle vera bygd over dette emnet. Han laga tre utkast; og han hadde sliti heile sumaren med denne romanen. Han granska Bibelen sin nøye, så han skulle bli heilt viss på kva Jesu kristendom var. Men Pontoppidan kom alltid i vegen. Fyrst då han «for 3die og definitivende gang» sette seg til å gjennomleva omvendinga til denne pietisten, forstod han det heile. Og han slengde romanen. «Så sunn som mannen måtte bli med en slik livsanskuelse, kunne han naturligvis ikke ligge og skvalpe i en roman; han var handlingens mann, han var drama.»

Det var visseleg til gagn og kveik for Garborg sjølv å skildre ein slik mann som Paulus Hove. Denne mannen var hans ynskjedraum. «Eit slikt liv skulle eg levt. Då hadde eg vore heilvaksen sjølv med; då hadde eg funni meining i tilværet mitt.» Ja, han trudde — stundom i alle fall — at bortimot slik som Paulus Hove kunne han sjølv ha vorti om han hadde fått ein friare vokster.

Paulus Hove er ein mann av kjøt og blod, ung, livsfrisk og livsnær, litt tankelaus og naiv — litt «bjørnsonsk». Men òg litt «ibsensk». Det er vanleg å jamføre Læraren med Over Ævne I og Brand. Og Kristian Elster d.y. har visseleg råka det rette når han karakteriserer Paulus Hove i tilhøve til prestane Sang og Brand slik: «Paulus Hove har noe av Sangs lyse sinn og usvikelige tro, men også noe av Brands bevisste offervilje til det ytterste og noe av dennes vrede — men han er virkelighetsnærere enn både Sang og Brand.»

Helge Krog skreiv at på sin måte var stykket (Læraren) «et av verdenslitteraturens dristigste dikterverker», — at det «forteller oss ganske likefrem, at det første Kristus ville gjøre, om han nå kom tilbake, var å nedsenke allverdens statskirker på havets bunn.»

Frå Rolv Thesen:
EIN DIKTAR OG HANS STRID
Arne Garborgs liv og skrifter.

Instruktøren

DAGMAR MYHRVOLD

Det er i år 50 år sidan Dagmar Myhrvold vart tilsett på Det Norske Teatret, etter eit par års turnéverksemd med Edvard Drabløs, seinare med Agnes Mowinckel og Lars Stormoen. Ei av dei første rollene hennar var Thabita i «Læraren», med Hulda Garborg som instruktør. Seinare spela ho òg Helga – med same instruktør.

og Harald Stormoen. Ei av dei første rollene hennar var Tabitha i «Læraren», med Hulda Garborg som instruktør. Seinare spela ho óg Helga – med same instruktør.

Som instruktør er Dagmar Myhrvold ingen debutant. Ho har sett i scene omlag 15 stykke på Det Norske Teatret, mellom anna ei rekke norske ur-premierar. Vi kan nemne mellom anna «Den gode jord» av Pearl Buck, «Morgonvinden» av Tarjei Vesaas og «Vår evige vandring» av Noki Kazantzakis.

Vi takkar for dei trufaste 50 år og gratulerer!

Dagmar Myhrvold instruerer.

LÆRAREN

av Arne Garborg

regi:	DAGMAR MYHRVOLD
scenografi:	ARNE WALENTIN
regiass. og inspisient:	KRZYSZTOF SELIGA
rekvisitør:	BERIT OPHUS
parykkar:	DORO WALSTAD
sufflør:	MAGNHILD ANDERSEN

programred. og omsetjing:	Tove Ellefsen
foto:	Sturlason
omslag:	Trond Botnen

PERSONANE:

Paulus Hove	SVEIN ERIK BRODAL
Helga	GUDRUN WAADELAND
Jens Eide	ODD FURØY
Tore Eide	BJØRN JENSEG
Lars Nordbraut	RAGNAR OLASON
Per Aase	JENS BOLLING
Gudleik	BJØRN SKAGESTAD
Carolus Magnus	KÅRE WICKLUND
Ola	THOR AAMODT
Evelinde	UNNI EVJEN
Tabitha	BERGLJOT ENGESET
Ei kone	JULIE ØKSNES
Maren doktor	GRETE NORDRÅ
Gurina	KARIN HAUGEN
Unge-Salomon Storbrekke	ERIK ØKSNES

Pause etter 4de bilete.

SVEIN ERIK BRODAL OM PAULUS HOVE

«Læraren» er eit produkt frå førre hundre-året, skrive i 1896. I 1969 skal det framførast av eit ensemble med oppfatningar som er forma av eit heilt anna samfunn.

— «Læraren» er eit drama o g eit historisk dokument, seier skodespelaren Svein Erik Brodal. — Vi skal presentere eit stykke liv frå 1896 — det er ikkje dagens menneske og samfunn Garborg har skrive om.

– Korleis oppfattar du Paulus Hove?

– Eg ser han primært som ein kristen, revolusjonær sosialist. Han gjer det utillatelege: å ta den fulle konsekvensen av eit Bibelord, sel det han eig, deler med dei fattige – og blir utstøytt av dei leiande kapitalistane i bygda og innan den religiøse rørsla.

– Idealist?

– Sjølvsagt. Han ofrar alt for å kjempe fram det han meiner er rett, og dermed støyter han hovudet mot samfunnsstrukturen. Paulus blir ein farleg mann for det bestående, både for det religiøse og det sosiale hierarkiet.

– Men Paulus sine handlingar blir ikkje nett til lykke for dei som står han nærast heller.

– Han stiller vel krav som er «Over Ævne» både for han sjølv og andre. Paulus er ikkje ein reinspikka idealist som t.d. presten Sang eller Ibsens Brand. Han er eit levande menneske med store krav til livet, og det skaper sjølvsagt ekstra vanskar, t.d. forholdet til Evelinde.

– Frå ein kvinnesynsstad ser Paulus noko egoistisk ut. Han b r u k a r menneska . . .

– Egoist – alle som går totalt inn for ei oppgåve m å vel synast omsynslause. Men når det gjeld forholdet til Helga og Evelinde får vi heller ikkje lov til å gløyme at i det samfunnet Garborg skriv ut frå var stillinga til kvinnene annleis enn i vårt. Dei hadde sin plass i systemet og den kravde ikkje at dei skulle vere aktive og ta avgjerdsler. Det var mannens jobb.

– Paulus er altså ikkje nokon helgenskikkelse?

– Eg ser han som ein kristen – ein revolusjonær og eit menneske – på godt og ondt.



Frå venstre: Ragnar Olason, Jens Bolling, Svein Erik Brodal.

Svein Erik Brodal og Grete Nordrå.

Unni Evjen, Svein Erik Brodal og Bergljot Engeset.

Gudrun Waadeland og Kåre Wicklund.



SPELPLAN PÅ ANDRE TEATER:

NATIONAL THEATRET

«Byggmester Solness» av Henrik Ibsen
regi: Arild Brinchmann

«Når den nye vin blomstrer» av Bjørnstjerne Bjørnson
regi: Knut M. Hansson

«Den stundesløse» av Ludvig Holberg
regi: Edit Roger

«Voks» av Klaus Rifbjerg
regi: Merete Skavland

«Semmelweis» av Jens Bjørneboe
regi: Magne Bleness

Amfiscenen:

«Det store smellet» av Ann Jellicoe
regi: Jan Bull

Gjestespel frå Riksteatret:

«Gjengangere» av Henrik Ibsen
regi: Hans Heiberg

«Sandkassen» av Kent Andersson
regi: Janken Varden

«Skandaleskolen» av R. B. Sheridan
regi: Per Bronken

OSLO NYE

«Skulle det dukke opp flere lik . . .»
av Jack Popplewell
regi: Jon Lennart Mjøen

«Victor» av Roger Vitrac
regi: Jacques Rosner

For barna:

«Henrik og Pernille» av Ludvig Holberg
regi: Kjetil Bang-Hansen

«Cabaret». Musical av Masteroff/Kando/Ebb
regi: Vera Zorina

TEATRET
DEN NATIONALE SCENE

«Peer Gynt» av Henrik Ibsen
regi: Finn Kvalem

«Den glade enke» av Franz Lehàr
regi: Aloysios Valente

Den lille scene:

«Min kones hage» av Edward Albee
regi: Anne Gullestad

«Alice i underverdenen av Klaus Hagerup/Sverre Berg
regi: Sven Henning

trøndelag teater

«Victor» av Roger Vitrac
regi: Ellen Isefjær

«Det store smellet» av Ann Jellicoe
regi: Stein Winge

Rogaland Teater

«Gråt, mitt elskede land»
av Maxwell Andersson/Ellen Alan Taton
regi: Aloysius Valente

For barna:

«Robin Hood og villungane i kongens skog
av Bjørn Endreson
regi: Bjørn Endreson

RIKS-
TEATRET

«Gressenkemannen» av George Axelrod
regi: Arne Thomas Olsen

«Til Damaskus» av August Strindberg
regi: Tormod Skagestad

PÅ DET NORSKE TEATRET

Alternativt med LÆRAREN går

HEIM, KJÆRE HEIM

av Kent Andersson og Bengt Bratt

regi: Elisabeth Bang

– eit stykke som krasst og ironisk utleverer byråkratiet i omsorga vi syner for dei eldre. «Et spill hvor situasjonene stadig veksler – i satirens skarpe belysning . . . et ansporende gruppearbeide som går rett på sak.»

Odd-Stein Andersen i Aftenposten

PIPPI LANGSTRØMPE

av Astrid Lindgren

regi: Rolf Sand

«. . . en sprell levende og ellevill Pippi som i sine beste stunder holder de unge teatergjengerne i åndeløs spenning og beundring.»

A. S. i Morgenposten

Den 8. januar kjem

Å MISTE EIT ROMSKIP

eit sjansespel av

Jon Bing og Åge Bringsværd

regi: Ola B. Johannessen

Tre romfararar – Kaspar, Melkior og Balthazar – er på veg mot Alfa Centauri. Tre lysår frå Jorda mister dei romskipet og blir kasta inn i ein annan dimensjon – eit univers som i fragment speglar av vår eiga verd. Dei tre blir kasta inn i kampen mellom mørkets fyrste, Nebel og Master of Time, Tambar. Og ein ukjend faktor i striden er Fiona, stjernefyrstens dotter, som kan meir enn å blåse såpebobler . . .

PÅ SPELFERD:

Musicalen **«Spelemann på taket»**
«Til Damaskus» av August Strindberg